

Til: Fylkestinget

Kopi: Fylkesutvalet

## Årsrekneskapen 2017 for Sogn og Fjordane fylkeskommune, uttale frå kontrollutvalet

Kontrollutvalet har i møte 22.5.2018 handsama Sogn og Fjordane fylkeskommune sin årsrekneskap for 2017.

Kontrollutvalet har som oppgåve å gje uttale til fylkeskommunen sin årsrekneskap. Uttalen vert gjeve med bakgrunn i framlagd årsrekneskap og årsmelding frå administrasjonen, samt revisjonsmelding og revisorbrev.

### Oppsummering/tilrådingar frå kontrollutvalet:

- Det vert tilrådd at fylkeskommunen prioriterer å sette fokus på forbetningsområda som kjem fram av revisorbrev 05 – 2018 frå SF-revisjon IKS.
- Kontrollutvalet ser det som positivt av Sogn og Fjordane fylkeskommune i 2017 har både tilfredsstillande lånegjeld, godt driftsresultat og eit godt disposisjonsfond.
- Utvalet oppmodar Sogn og Fjordane fylkeskommune om å omtale etikk i årsrapporten for 2018 i tråd med kommunelova § 48.5.

Representantar frå administrasjonen og ansvarleg revisor var tilstades i møtet og presenterte årsrekneskapen og svarte på spørsmål.

Av rekneskapen for 2017 har kontrollutvalet merka seg at netto driftsrekneskap er positivt med kr. 334,2 mill dvs. netto resultatgrad på 10,45 % (Sett opp mot sum driftsinntekter). Gjennomsnitt for alle fylkeskommunane i Noreg (utanom Oslo) ligg ifølgje opplysningar frå SSB på netto resultatgrad på 4,3 % i 2017. Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) tilrår at ein over tid bør ha netto resultatgrad på 3 prosent fram til 2014 for å ha ei forsvarleg økonomisk drift. Frå 2014 er dette talet oppjustert til 4,0 %.

Riksrevisjonen la 16.02.2015 fram Dokument 3:5 (2014 – 2015) Riksrevisjonens undersøkelse av kommunenes låneopptak og gjeldsbelastning. Her er det undersøkt saman hengen mellom høg lånegjeld i kommunane, sum driftsinntekter og disposisjonsfond. Riksrevisjonen tilrår at kommunane ikkje bør ha meir enn 75 % av driftsinntektene i lånegjeld. Ved å nytte Riksrevisjonen si tilnærming kjem ein fram til at Sogn og Fjordane fylkeskommune har ei lånegjeld tilsvarande 69,5 % av sum driftsinntekter, altså under maks tilrådinga frå Riksrevisjonen. Talet har lege nokså stabilt dei siste tre åra. Tilsvarande er disposisjonsfondet på heile 23,71 % av driftsinntektene. Dette er ein monaleg oppgang frå 15,97 % i 2015 og ein liten oppgang frå 21,19 % i 2016. Riksrevisjonen tilrår her minst 5 %. Totalt sett har Sogn og Fjordane fylkeskommune tilfredsstillande lånegjeld, godt driftsresultat for 2017 og eit disposisjonsfond som også er godt.

Kontrollutvalet merkar seg m.a. følgjande frå rådmannen sin uttale i årsmeldinga:

*«Fylkestinget vedtok intensjonsplanen om samanslåing med Hordaland 2. februar 2017. Den etterfølgjande debatten bar, slik eg ser det, vel mykje preg av at fylkestinget hadde sagt «ja» til samanslåing utan garanti for at vi vart tilført nye oppgåver. Regjeringa kom med nokre nye oppgåver i april, og Stortinget supplerte med nye oppgåver i juni. Oppå dette kjem ev. oppgåver Stortinget sluttar seg i 2018, etter at tilrådinga frå ekspertutvalet no ligg føre. Dersom eit fleirtal i Stortinget ønskjer å styrke det regionale folkevalde nivået, har det no alle moglegheiter til å gjere nettopp det! Fylkestinget sette også som vilkår for å gå inn i ein ny region med Hordaland, at tal fylke/regionar på landsbasis vart om lag ti. Dette imøtekom Stortinget då det vedtok regionreforma 8. juni 2017.»*

*«Rekneskapen for 2017 viser eit driftsoverskot på 44,5 mill. kr. Det er noko over gjennomsnittet dei fire siste åra. Vi nyttar netto driftsresultat som indikator på kor godt resultat ein fylkeskommune har. For fylkeskommunar er det no tilrådd å ha eit netto driftsresultat på minst 4 prosent (av samla driftsinntekter). Sogn og Fjordane fylkeskommune hadde i 2017 netto driftsresultat på 334,2 mill. kr., dvs. 10,5 prosent. Tilsvarende tal i 2016 var på 214,9 mill. kr. (6,8 prosent). Den høvesvise sterke auken i netto driftsresultat skuldast i hovudsak to forhold: meirinntekter på rente/utbytte med om lag 62 mill. kr og mindreutgifter på avdrag med om lag 52 mill. kr.»*

*«Frå 2015 til 18 er dei systemfordelte inntektene våre kutta kvart år slik at vi i 2018 er teke ned med til saman 230 mill. kr (brutto). Vi har i denne perioden, med god støtte i Stortinget, klart å få på plass ein tapskompensasjon som samtidig er trappa opp til 105 mill. Det betyr at det reelle tapet i 2018 blir på ca. 125 mill. kr. Vi blir etter systemet tatt ned med nye 60 mill. kr i 2019. Spørsmålet då blir kor mykje av dette vi får dekkja gjennom ei ev. vidare opptrapping av nemnde kompensasjon. På driftssida har vi fått på bordet nær 60 utgreiingar som kan gje årlege innsparingar på ca. 160 mill. kr. Både fylkestinget og dei tilsette har her bidrege positivt. Det har likevel vist seg tungt å få godkjent nokre av desse utgreiingane.»*

Årsmeldinga frå administrasjonen skal utformast i tråd med Kommuneloven § 48 nr. 5 der m.a. går fram at «å sikre betryggende kontroll (internkontroll)», «etikk», «likestilling» og «diskriminering» skal omtalast.

Kontrollutvalet har merka seg at «å sikre betryggende kontroll (internkontroll)», «likestilling» og «diskriminering» er omtala på ein god måte i årsmeldinga for 2017 medan «etikk» er omtala i liten grad.

Kontrollutvalet tilrår at fylkeskommunen prioriterer å sette fokus på forbetningsområda som kjem fram av revisorbrev 05 – 2018 frå SF-revisjon IKS. Revisorbrevet beskriv feil og manglar som ikkje er å sjå på som vesentlege for rekneskapen sin heilskap, men som er av ein slik karakter/storleik at SF-revisjon IKS meiner at det er viktig at leiinga blir gjort kjend med dei.

Ut over det som er nemnd over, og det som går fram av saksframlegget til kontrollutvalet i rekneskapsaka samt revisjonsmeldinga av 16.04.2018 og revisorbrev 05-2018, dagsett 26.04.2018, har kontrollutvalet ikkje merknader til Sogn og Fjordane fylkeskommune sin årsrekneskap for 2017.

Odd Atle Stegegjerdet  
Nestleiar i kontrollutvalet

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*